



Saksbehandlar: Nils Mæhle  
nme@hib.no

55587502

Vår dato: 16.10.2007  
Dykkar dato: 11.01.2007

Vår ref. 2006/992  
Dykkar ref.: 200600400-/CRU

Statsråd Øystein Djupedal  
Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Nybygg ved Høgskolen i Bergen Behov for avklaring

Vi viser til ei lang rekkje brev (sist til statsråden 28.12.06) og møte i saka, og til framlegget til statsbudsjett 2008.

Høgskolen i Bergen har sidan 1994 arbeidd for å få nybygg. Det vart også arbeidd med saka før 1994, frå midten av 1980-åra. Grunngevinga har heile tida vore at den noverande bygningsmassen, spreidd på 5 stader i Bergen, ikkje er tenleg til høgskuleføremål. Dette ser vi ikkje minst tydeleg når høgskulen skal følgja opp Kvalitetsreforma, som stiller store krav til infrastrukturen.

Gleda var stor i 1999 då Stortinget prioriterte nybygget vårt som nr. 1. Desto større er vonbrotet no med prioritering på ein 4. plass. Det kan sjå ut som om høgskulen skal straffast for lokaliseringsrotet i saka, som må lastast andre enn HiB. Vi viser her til: 1) Arbeidarpartiet og Høgre sentralt overprøvde statsråd Jon Lilletuns tilråding om lokalisering, og 2) lokal usemje, der mellom andre Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune gjekk mot departementet, Statsbygg og høgskulen.

Vi har fleire gonger lagt saka fram for den politiske leiinga både i Kunnskapsdepartementet og i Fornyings- og administrasjonsdepartementet, for Finanskomitéen og KUF-komitéen, og er komne i tvil om sentrale styresmakter i det heile ynskjer nybygg ved Høgskolen i Bergen.

Høgskolen i Bergen ber difor om eit snarleg møte med statsråden for å få eintydige svar på dei to spørsmåla vi stilte i brevet 28.12.06:

### 1. Har statsråden gjeve opp planane om nybygg ved Høgskolen i Bergen?

### 2. Dersom ikkje – kva alternativ har statsråden til noverande framdrift med ferdigstilling i 2011 og innflytting i 2012?

Ei uavklara nybyggsak er utan samanlikning den største risikoen for den vidare utviklinga av høgskulen. Vi har merka oss at departementet i budsjettframlegget for 2008 understrekar kor viktig det er at institusjonane vurderer risiko. Det heiter m.a.: ”Styret er òg ansvarleg for rapportering og handtering av risiko.”

For dei tilsette og studentane ved Høgskolen i Bergen er dette ei svært viktig sak, og det kjem sterkare og sterkare til uttrykk at dei no kjenner seg haldne for narr. Leiinga forstår denne holdningen, det er uråd å forstå at høgskulen kan falla frå ein 1. plass på prioriterings-lista i 1999 til ein 4. plass i 2007.

Styret drøfta saka på nytt i møte 10.10.07, og ynskjer ei avklaring frå statsråden. Frå drøftingar i styret gjennom fleire møte kan vi trekkja vi fram slike moment:

- Prosjektet har historie tilbake i 1980-åra, med konkret innspel til departementet i 1994, og Statsbyggprosjekt frå 1995
- Stortinget prioriterte bygget på topp i 1999, og Statsbygg la i 1. fasen opp til ferdigstilling av høgskulebygget i 2003.
- Nasjonal og lokal usemje om tomteval gjorde at Høgskolen i Bergen fall på den sentrale prioriteringslista
- Dette har medført at Høgskolen i Bergen truleg er den einaste institusjonen i sektoren som ikkje har fått nybygg sidan 1994. Vi har dokumentert store og til dels dramatiske behov (jf også omsynet til arbeidsmiljøet for studentar og tilsette) for ombygging mm. Departementet har sagt nei, og vist til det planlagde nybygget utan å seia noko om tidsperspektivet
- Omfattande forprosjekt avslutta i 2005, med heilhjarta medverknad frå studentar og tilsette. KS 2 på plass tidleg i 2006. Eit første forprosjekt forliste i slutten av 1990-åra pga av nasjonal og lokal usemje
- Ei vidareføring i 2008 vil ikkje ha konsekvensar for ein oppheta arbeidsmarknad. Samtidig stadfesta adm. direktør i 2006 at Statsbygg hadde nødvendige midlar for 2007 (100 mill). Vi reknar med at desse kan overførast til 2008
- Jamn framdrift gjer at prosjektet kan behalda den faglege kompetansen, som no er i ferd med å forvitra. Ei ytterlegare utsetjing vil såleis vera uheldig samfunnsøkonomisk på denne og andre måtar. Statsbygg har alt brukt kr 250 mill på prosjektet
- Den samla bygningsmassen er den viktigaste infrastrukturen, og det er utilfredsstillande ikkje å vita noko om framtida, slik tilfellet er etter tidlegare møte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet

Vi viser til den omfattande dokumentasjonen i saka, m.a. av behovet for nybygg, og vil gjerne ha eit snarleg møte med statsråden med sikte på endeleg avklaring i saka.

Med helsing

  
Eli Bergsvik  
rektor

  
Nils Mæhle  
høgskuledirektør

Kopi: Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsbygg  
Finanskomitéen  
KUF-komitéen  
Hordalandsbenken  
Bergen kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Bergen Næringsråd